



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 12/2023

Møtedato: 24.04.2023 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S 852 Hanafjorden, reviderte byggeteikningar for nytt sel

I sak 19/2022 vart det godkjent byggeteikningar og plassering for nytt sel inntil 68 m² BRA, med føresetnad at det gamle skulle rivast.

Våren 2023 kom det nye reviderte byggeteikningar. I praksis er det små endringar, noko meir glas på eine endeveggen og noko endra romfordeling innvendig.

Ang drift på garden/stølen er dette ikkje endra, og det er drift på garden med forproduksjon og beitedyr.

Dette er sendt på høyring, og det er komme inn fylgjande uttale:

Statskog:

Fjellstyret skal i henhold til seterforskriften §10 gjøre en konkret vurdering om hva som er rasjonelt og nødvendig for å bygge opp igjen et nytt sæl. I dette tilfellet har de 3 eksisterende sæl. Fjellstyret opplyser at garden er i drift, men det opplyses ikke hva slags drift det i dag er på garden. Hva er planen og behovet framover for en rasjonell drift av stølen?

Generelle vilkår om at bygningen skal følge lokale setertradisjoner og tilpasset kulturlandskapets sin egenart gjelder uansett om det restaureres eller bygges nytt. Plassering av bygningsmassen i tunform skal også vektlegges.

Statskog har ellers ingen merknader til tiltaket

Innlandet fylkeskommune har ikkje svarta innan fristen.

Vurdering:

Behovet for bygget er allereie avklart gjennom førre behandling i sak 19/2022. Denne saka dreier seg berre om endra byggeteikningar.

Arealet er og innafør det som tidlegare vart vedteke.

Ut i frå administrasjonen sitt skjønn er bygget godt innafør det stølspreget ein ynskjer å ivareta med desse reviderte teikningane. Det er og eit poeng at bygget godkjennast med «bevaringsverdige grunnar» med tanke på det stølsmiljøet som er knytt til denne stølen.

Oppsummering:

Administrasjonen tilrår godkjenning av nytt sel med bakgrunn i reviderte byggeteikningar.

Forslag til vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, godkjenner Vestre Slidre fjellstyre oppføring av nytt sel på 94/1/852 med bakgrunn i vedlagte byggeteikningar. Det er ein føresetnad at det gamle selet vert rive før nybygging vert igangsett. Bygget plasserast i tunform – slik skissert på synfaring 13.06.2022. Det er ein føresetnad for godkjenning at eldre, bevaringsverdige bygg (Bygningsnr 195084157 og 195084149) ikkje kan endrast/erstattast av nye bygg i framtida.

Vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, godkjenner Vestre Slidre fjellstyre oppføring av nytt sel på 94/1/852 med bakgrunn i vedlagte byggeteikningar. Det er ein føresetnad at det gamle selet vert rive før nybygging vert igangsett. Bygget plasserast i tunform – slik skissert på synfaring 13.06.2022. Det er ein føresetnad for godkjenning at eldre, bevaringsverdige bygg (Bygningsnr 195084157 og 195084149) ikkje kan endrast/erstattast av nye bygg i framtida.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.04.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Olav Magistad
Statskog
Innlandet fylkeskommune
Vestre Slidre kommune